



Nr 1 | 2022 | 73. årgang

God Summar!

Kyrkja – Guds hus og vårt hus

Guds hus

Kyrkja er viktig for mange menneske. Oftast står den som eit kraftfullt symbolbygg midt i bygda eller byen. Kyrkja framkallar kjensler, forhåpentlegvis mest på godt, men også på vondt for ein del menneske.

Vi kallar gjerne kyrkja Guds hus. I det ligg det at dette huset er vigd til Gud og vi tenkjer at Gud på ein særleg måte er til stades når vi samlast der. Difor kallar vi også kyrkja for eit heilagt rom. Dei fleste som kjem inn i ei kyrkje får nok ofte ei kjensle av at det er eit annleis rom. Rommet stemmer sinnet til ettertanke og andakt.

Det styrer ofte tanken og kjenslene mot noko utanfor oss. Noko større.

Men dette legg også føringar på korleis vi brukar kyrkja. Enkelt uttrykt kan vi seie at kyrkja skal vere open for alle, men ikkje open for alt. Til dømes vil det vere utfordrande å stille kyrkja til disposisjon dersom ein del av poenget med det som føregår er at det ikkje skal vere kristent. Kyrkja er Guds hus. Her har soknerådet eit viktig forvaltaransvar.

Vårt hus

Men kyrkja er også vårt hus. Alle som bur i soknet og er medlemmar i kyrkja har eit

eigarskap til vår lokale kyrkje. Kyrkja representerer dei lange linjene i livet, frå vogge til grav. Frå generasjon til generasjon. Det er viktig at kyrkja blir noko meir enn ein del av eit offentleg religionsvesen. Kyrkjebygningen og kyrkjelivet kallar på eit lokalt engasjement. Vi treng gjere den til vår om den skal få ei god framtid. Sjølv sagt skal det vere rom for dei som berre vil bruke kyrkja ein sjeldan gong, til dømes i gravferd. Samtidig er kyrkja avhengig av at nokre, så mange som mogeleg, ikkje berre spør: kva kan kyrkja gjere for meg, men også: kva kan eg gjere for kyrkja?

KHJ



Det tok tid

Nøkkelen til fred
står i døra
Til ei lita kyrkje
I ei lita bygd
På yttersida av verdas ende

Der er ope no,
kom berre
vri om nøkkelen
Stig inn
Sorgene skal du fare ifrå
og legge pent
på kyrkjetrappa, sjå
når du stig ut att or
ligg sorgene der
og ventar deg som
forgylla gåver
i Guds lys og evig kjærleik
er det lett å la dei gå
og gi takk, for at

Det var dei som fekk deg hit
Kvar ei tåre, kvar ei bøn
Kvar ein gråt, kvar ein latter
Kvar ei sorg, kvar ein gledesong
Med ekko av gull i seg kvar ein
gong

Ja
Det tar tid
å finne nøkkelen
sjølv når døra
alltid er opa

*Tekst og foto:
Yngvild Åm Sognnes*



Refleksjonar etter 1 år som sokneprest

Etter 13 år ute av kyrkje-lydsteneste i vår heimlege kyrkje vart eg utfordra til eit 1 års engasjement som sokneprest i Hyllestad, Lavik og Bjordal-Ortnevik.

Korleis har det vore? Kva har eg sett og opplevd? Er det råd å sjå nokre utviklingstrekk i kyrkja vår sidan eg sist gjorde teneste i distriktet?

1. Det første eg ser og har lyst å slå fast er: Lokalkyrkja lever fortsatt! Og det er ikkje verst! Det er jo ikkje berre etter 13 år, men etter meir enn 1000 år! Det kan jo tyde på at det er ein som held si hand under og rundt kyrkja vår. Han som sa: Sjå eg er med dykk alle dagar så lenge verda står. Eg ser at det blir utført mykje godt arbeid til beste for fellesskapet.

2. Det andre eg ser er at effektiviseringa i samfunnet også har nådd kyrkja. Det blir forventat at dei som arbeider skal dekke større område. Det har blitt merkbart færre gudstenester, særleg i dei minste kyrkjelydane/annekskyrkjene. Dei sjølvstendige kristne organisasjonane innan kyrkja som tradisjonelt også har drive barne- og ungdomsarbeid, har blitt svekka, og barnearbeidet/

trusopplæringa i kyrkjelyden har i større grad blitt avhengig av løna arbeidarar og samlingane er lagt opp tettare mot kyrkjesetet og gudstenesta.

3. Kampen om ressursane aukar. Det gjeld både pengar og menneske. Kostnadane til vedlikehald aukar. Med færre menneske og mange bygningar vil ein måtte ta vanskelige val for å få pengane til å strekke til. Fleire arbeidarar som har vore lenge i teneste når pensjonsalderen og sluttar. Over heile landet er det stort behov for nye arbeidarar og tilgangen er mindre enn behovet. Det er grunn til å frykte at dei grisgrendte strøk kan komme dårlegast ut. Situasjonen framover er svært sårbar! Her er det all grunn til å kalle til både bøn og arbeid!

4. Rekruttering av nye må bli ei hovudsak i tida framover. Det gjeld både løna arbeidarar og frivillige. Sokneråda har sjølvsagt eit ansvar. Men dette angår oss alle. Viss vi fortsatt skal ha ei levande kyrkje lokalt, må kvar einskild tenkje over: kva kan eg bidra med? Vi kan alle be for kyrkja vår, for dei behova vi ser blant oss

som høyrer til kyrkja, for nye arbeidarar og nye frivillige. Kva kan eg elles gjere som frivillig? Er det nokon eg kunne utfordre

til å melde seg til teneste, søkje på ledige stillingar eller til frivillig teneste? Er det nokon eg kunne utfordre til å utdanne seg til ei kyrkjeleg teneste? Mange treng eit konkret kall til teneste. Eg treng ikkje gå lenger enn til meg sjølv: hadde det ikkje vore fordi eg fekk ein konkret førespurnad, hadde eg ikkje vore sokneprest dette året.

5. Kyrkja er svært viktig for trua og livet til mange menneske. Kyrkja formidlar evangeliet, den gode budskapet om at du er elska og dyrebar for Gud, og at han kallar oss til fellesskap med seg. Kyrkja formidlar tru, håp og kjærleik. Det er avgjerande viktig at denne budskapet og dette fellesskapet fortsatt skal leve i våre lokalsamfunn. Der har du og eg eit ansvar! Og samstundes skal vi få stole på at han som sa at han ville vere med alle dagar, så lenge verda står, han vil fortsatt halde si hand under, over og rundt si kyrkje.

Karl Hjelmeland

KYRKJEBLAD FOR HYLLESTAD

Skifte av sokneprest i Hyllestad sokn

Karl Hjelmeland har vore sokneprest i eitt år og sluttar 30. juni. Audun Systad har dette året vore seniorprest og sluttar 31.juli.

Ny sokneprest i Hyllestad sokn i (om lag) 60% stilling blir Runar Matsui-Li. Han tek til i stillinga etter avvikla ferie, den 15. august og blir innsett i Hyllestad kyrkje i gudstenesta søndag 28. august kl. 11.00.

Runar Matsui-Li har vore misjonær i Japan, vart tilsett som sokneprest i Høyanger hausten 2012, og har dei siste par åra vore prostiprest i Sunnfjord prosti. Han er busett på Kyrkjebø.

«Ver du for tanken min dyraste skatt. Ljoset som strålar ved dag og ved natt» – Avskilshelsing frå Audun Systad

Som så ofte, song vi også den på avskilsgudstenesta 1.mai. Kjekt at så mange kom og var med!

I Hyllestad kyrkje vart eg døpt, ektevigd, konfirmert og ordinert, så det er litt spesielt. Sjølv om det er lang tid sidan ordinasjonsdagen 2. januar 1983, har tida gått fort. Den gongen var det me som var småbarnsforeldre. No er eldste barnebarn snart 18 år. Det gjev perspektiv.

Sjølv om både Kari og eg er både fødte og oppvaksne i Hyllestad, var det ikkje sjølvsagt at tenesta skulle bli her. Hyllestad var for oss først og fremst ein plass der me såg fram til å komme på ferie, vere saman med familie og venner, og nyte den vakre naturen her. Då me flytta attende i 2015, oppdaga me på ny, ikkje minst dei mange flotte fjelltoppane; passeleg lange etter kvart som åra kraup oppover!


Forutan eit år som feltprest på Heistadmoen ved Kongsberg, har eg hatt alle tenesteåra mine som prest i ulike kyrkjelydar i Bjørgvin bispedøme, 14 ½ år i Jostedal i Luster, 1 år i Fjell ved Bergen og 16 år i Balestrand. Så vart det 7 år her i Hyllestad, med siste året som ein «seniorprest» i eit litt større område. Det var ei fin avslutning, av di ein etter som åra går, kjenner på utfordringar

med å ta initiativ og leie ein kyrkjelyd på ein god måte.

Eg deler mykje av dei tankane kollega Karl skriv i sine refleksjonar når også han avsluttar tenesta her. «Lokalkyrkja lever» skriv han, og det er av di «*det er ein som held si hand under og rundt kyrkja vår*». Vår oppgåve er då å minne om dette, igjen og igjen ta fram kva skatt vi har fått i og med evangeliet om Jesus Kristus, «Ljoset som strålar ved dag og ved natt». Så er det ikkje berre dei som er tilsette si oppgåve, men alle som ser at her har me noko stort me ikkje kan misse! Håpar du som les dette, ser det! For det kan skape engasjement for tida som ligg framfor!

«Deg å få skode er sæla å nå» heiter salmen me så ofte syng. Den er irsk og er frå 700-talet. I veka dette vert skrive, får eg sette meg på flyet til Irland for å lære meir om arven me fekk, som ikkje minst var påverka vestfrå for over 1000 år sidan. Det ser eg mykje fram til, og eg håpar det vert noko å dele når eg kjem heim! For sjølv om eg snart er pensjonist, så tek ikkje engasjementet for det dyraste av alt slutt ved siste arbeidsdag

på kontoret og i kyrkjelyden. Kari sluttar samstundes som lærar ved Hyllestad skule, der ho har hatt gode og innhaldsrike år. Så vil me



framleis bu i barndomsheimen hennar i Sørbøvåg, og såleis vere ein del av Hyllestad kyrkjelyd framover. Ingen av oss veit noko, men våre tider er i Guds hand, sjå. Salme 31.15.

Å få meir tid til å besøke borna våre i Luster og i Bergen, ser me sjølvsagt fram til. Med hobbyar som hagearbeid og fiske, skulle det vel heller ikkje på nokon måte bety arbeidsløyse. Me sjåast vidare! Ei helsing til slutt med sentrale vers i 2. Tim.1: «*Han har frelst oss og kalla oss med eit beilagt kall, ikkje på grunn av gjerningane våre, men etter sin eigen vilje og nåde, den som er gjeven oss i Kristus Jesus frå evige tider. Ta vare på den gode skatten som er tiltrudd deg ved Den Heilage Ande som bur i oss.*»

Audun Systad

KYRKJEBLAD FOR HYLLESTAD



Keiko og Runar Matsui-Li

Kjære folk i Hyllestad

Jeg heter Runar Matsui-Li og er blitt ansatt som sokneprest i Hyllestad fra når jeg kommer tilbake fra sommerferien. Jeg ble fødd i Oslo, bodde noen år i Rogaland før familien flyttet til Notodden hvor jeg bodde til jeg var 10 år. Jeg har 4 søsken, min søster blei fødd på Madagaskar hvor vi bodde en tid og hvor jeg ble konfirmert i 1980 sammen med min tvillingbror og 6 andre misjonærbarn.

Min oppvekst var preget av kristne aktiviteter. Jeg gikk i skolelaget (NKSS) under hele skolegangen og russetida ble brukt til å besøke kirker og bedehus for å fortelle om russeprosjektet vårt som var knyttet til daværende Santalmisjonens arbeid i Buthan. I hele oppveksten var jeg fysisk aktiv med trening og lange turer på fjellet, sommer som vinter, helt til jeg giftet meg i 2003 med Keiko fra Japan og prioriterte familielivet.

I 1987 begynte jeg på Fjellhaug misjonsskole i Oslo med kall til å bli misjonær, og i 1993 reiste jeg til Japan. Der ble jeg i 13 år, bare avbrutt av studiepermisjoner i Norge. I Japan var jeg prest i flere menigheter og i en av dem møtte jeg Keiko som jeg giftet meg med. De tre barna vi fikk sammen ble alle fødd i Japan, men har vokst opp i Høyanger og Kyrkjebø hvor vi bor i dag.

Min kone og meg tok barna med oss og flyttet til Norge i 2012 for å slå oss til ro og skape et hjemsted for familien etter et omflakkende liv i inn og utland. Her fikk jeg arbeid i Høyanger som sokneprest. En årsak til at nettopp denne landsdelen ble valgt var det milde klima, fjorder og fine fjell. Det vi glemte var regnværet. Mer enn en gang har jeg lengtet til steder med tørrere klima, men det rare er at jeg synes det regner mindre og

mindre med årene.

Min familie er innflyttere. Vi har ingen familieband eller historie til landsdelen, men er blitt godt integrert i lokalsamfunnet. I begynnelsen følte jeg meg som utlending i mitt eget hjemland og for å bli bedre kjent med det norske samfunnet igjen, ble jeg student på HVL og tok en masterutdanning i velferdsledelse i 2017. Kona mi, Keiko arbeidet som faglærer i engelsk i ungdomsskolen i Japan, men arbeider nå ved Høyanger sjukeheim og skal ta fagprøven som Helsefagarbeider i løpet av dette året. Kommunikasjon med mennesker med ulike kulturelle og etnisk og sosial bakgrunn er en del av min fag- og erfaringsbakgrunn. I bunn og grunn handler det om å lære seg å like andre mennesker for det de er. I et så fremmedartet land som Japan, hvor jeg som utlending og prest hadde begrenset inngang til folks daglige liv, fant jeg en god kontaktmulighet gjennom felles fritidsinteresser. I lokale judo- og fotoklubber, ungenes barnehage og skole fikk jeg, på en naturlig måte, bli en del av lokalsamfunnet. I Høyanger fikk jeg tilnavnet «honningpresten» da jeg har mange bikuber i hagen.

Gjennom årene har jeg ofte vært innom Hyllestad kommune som prest, men uten å komme på innsiden av livet i menighet og lokalsamfunn. Hyllestad menighet kjenner jeg som en utadvent og målrettet menighet som vil bety noe for bygda. Kirken er en viktig institusjon i bygdene våre som holder livene våre sammen i fellesskap med fortiden og fremtiden. Kirken skal holde troen på Gud frem som relevant og naturlig del av virkeligheten. Jeg er en prest som liker at barn og unge skal bli kjent med Den store fortellingen i Bibelen og vil holde fremryktet om vår frelser og venn Jesus Kristus så han ikke blir glemt.

Runar Matsui-Li

KYRKJEBLAD FOR HYLLESTAD



Tusen takk for alt de har gjeve

1.mai takka vi av Toril Lange, Karl Hjelmeland og Audun Systad.

Det var ei flott gudstenestene med avslutting for minikonfirmantar, samt avskil med Toril, Karl og Audun - mange kom for å delta på denne. Minikonfirmantane var aktivt deltakande som medliturgar. Moreld deltok med song. Reidun Porten på kornett, saman med Erling Akse, Karl og Audun delte på liturgien og prost Knut Magne Nesse heldt preika. Til slutt i gudstenesta var det helsingar frå prestekollegaer frå Fjaler og Askvoll. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi med mykje gode kaker og kaffi/saft.

Eg trur mange med meg kjente på eit vemod over at desse tre no går av - dei har alle på ulik måte betydd enormt mykje for oss her i Hyllestad sokn.

I 20 år har mine barn vore på Alværa på leir, alltid blitt trygt og godt imottekne av Toril - og alltid kome heim for å fortelle at dei vil på leir igjen neste gang fordi det var så kjekt. Du har gjort ein forskjell for mange.

Karl og Audun i si prestegjerning - Alltid til stades, alltid nær - i dager med glede og

dager med sorg. Kanskje den siste er viktigast. De har for mange vore ein bauta når verda rasar saman, vore den som midt i mørket, sår eit lite håp om at det vil bli lyst igjen.

På gåvekortet frå soknerådet stod det ei helsing frå Joh.14,4 «Men den som drikk av det vatnet eg vil gje, skal aldri meir tørsta. For det vatnet eg vil gje, blir til ei kjelde i han med vatn som bryt fram og gjev evig liv».

Gjennom det arbeidet de har gjort - har mange fått oppleve korleis de har ausa av den kjelda ved å møte menneske med kjærleik og respekt.

Vi ynskjer at de får ei flott tid som pensjonistar - og Guds velsigning i åra som kjem.

Helsing Linda Ølmheim
Soknerådsleiar



God drøs med kaffi, gomlande på gode kaker!



Prost Knut Magne Nesse



Alltid friske tonar med «Moreld»



Prestekollegaer helsar, frå v.: Knut Arne Kummeneje, Fjaler og Kjell Olav Høstaker Nordheim, Askvoll.



Flotte minikonfirmantar hadde inngangsbøn, saman med Toril Lange.

KYRKJEBLAD FOR HYLLESTAD



Myldresamling – ein viktig møteplass for dei minste

Det er ein av dei første dagane i mai. Ein fin flokk med born og vaksne er samla i kyrkja til myldresamling. Dei siste åra har desse samlingane vore ein fin møteplass for borna frå 3-6 år. Samlinga startar med at ein tenner lys for kvar einskild, og nemner dei på namn. Dei er el-ska og verdfulle for Gud! Toril leier samlinga, Kari og Åshild hjelper til denne kvelden.

På samlingane er det mykje sang. Då får eit av borna trekke eit kort, der namnet på sangen står. Det kan vere: «Kven har skapt alle blomane», eller «Eg er trygg hos deg». Sangar som «Bæ, bæ, lille lam» og «Lille Petter Edderkopp» er og med.

Det nærmar seg pinse, og Toril fortel kvifor me feirar den.

Først lyt ho fortelje om jul og påske. Om barnet i krubba, og Jesus på korssen. Litt vanskelegare er det med pinse, men dei får høyre om at det skjedde noko med læresveinane då pinsehelga kom. Seinare får dei laga ei due som er eitt av symbola for den Heilage Ande.

Det pleier alltid vere ei samling med aktivitetar, noko dei lagar. I kveld er det altså ei due dei får dekorere med fine paljettar og dei får teikne.

Til slutt et ein kveldsmat saman, både leiarar, born og vaksne. Enkelte må gå før, andre blir lengre. Samlinga har vore fin, det trur eg alle synst. Toril fortel at dette er siste myldresamling for hennar del.

Det synst alle vert litt rart, fordi det har vore så viktige samlingar.

Ein håpar og ber om at stafett-pinnen kan gå vidare til andre som går inn i denne viktige oppgåva!

AuS



Toril Lange sluttar som kyrkjelydspedagog

I mange år har Toril Lange vore «eit fast punkt» i det kristne barnarbeidet i Hyllestad. No har ho nådd aldersgrensa og går av som pensjonist. I dette høvet har kyrkjebladet teke ein prat med henne.

Det er over 10 år sidan du starta som kyrkjelydspedagog i Hyllestad. Korleis var det det starta?

I 2010 vart eg tilsett som kyrkjelydspedagog i Hyllestad og Høyanger kommunar. Som ein del av stillinga, støtta av NMS (Det norske misjons-selskap), skulle eg også drive ein del leiararbeid på Alværa. Men eg starta i Hyllestad lenge før det.

Tidleg på 2000- talet då eg var

tilsett i NMS og dreiv mykje med leiararbeid, var det mange born frå Hyllestad med på leir på Alværa. Då var det, eg trur det var i 2003, at vi var samla til rådslagning på kyrkjekon-toret på Hyllestad, nokre frå NMS og nokre frå kyrkjelyden i Hyllestad. Det vart då bestemt å starte ein kristen klubb for born i 5-7 klasse, som eit samarbeid mellom NMS og kyrkjelyden. Seinare vart det også ein tilsvarande klubb for ungdomstrinnet. Det vart god oppslutning om klubbane. På det meste var det samla sett bortimot 30 betalande medlem-mar. Klubbane var aktive fram til 2015.

I 2005 starta vi opp med minikonfirmantar, eit tilbod til

5. klasse. Dei aller fleste av 5. klassingane var med på dette opplegget. I Hyllestad er det så innarbeidd at det er nesten like sjølvsagt å vere minikonfirmant som konfirmant.

Trusopplæringsreforma som vart innført i kyrkja hadde som eit mål at det skulle vere eit tilbod for alle aldersgrupper frå dåpen og opp gjennom heile barne- og ungdomstida. Også vi i Hyllestad starta opp ei rekkje nye tilbod: Myldresamlingar for førskuleborna, samlingar med utdeling av bøker og filmar til samme aldersgruppa, Tårnagentopplegg for 3.-4. klasse, Minikonfirmasjonen for 5. klasse fortsatte som før og Lys Vaken, eit opplegg for 6.-7. klasse som inkluderer



overnatting i kyrkja. Dessutan har eg vore med ein del i konfirmentarbeidet.

Du har jo vore primus motor for alt dette, men har du hatt samarbeidspartnarar?

Ja, eg har samarbeidd med prestane og nokre frivillige medarbeidarar. Også foreldre har teke del med avgrensa oppgåver. Og så må eg nemne trusopplæringsutvalet, oppnemnt av soknerådet. Der har vi evaluert det som har vore gjort og lagt planar framover.

Korleis syns du det har vore å vere trusopplærar i Hyllestad?
Det har vore kjekt! Eg har fått møte mange kjekke og trivelege born og samarbeidsvillige foreldre. Og så må eg nemne at vi har eit godt lokale i Hyllestad kyrkje.

Eg har hatt stor fridom i arbeidet. Fått gjere det eg vil

på godt og vondt, seier Toril med eit smil. Det kjekkaste har vore å vere på samlingane. Det kjende eg veldig på under koronaen då det var så mange begrensingar. Det har vore flott å få lære borna om Jesus. Få oppleve kor tillitsfulle borna er, også om tru. Få lov å gå saman med dei på ei bønevandring, til dømes. Det har vore kjekt.

Å vere så lenge på ein stad, det gjev vel nokre spesielle erfaringar?

Berre etter at eg begynte som tilsett kyrkjelydspedagog i 2010, har eg følgd nokre born frå dei var 4 år til dei no vart konfirmerte. Det gjer at eg kjenner mange ganske godt.

Men no sluttar du. Kva skal du gjere no?

Eg veit ikkje heilt, men det vert litt forskjellig. Eg er engasjert frivillig på Alværa og i kyrkjelyden i Lavik, der eg bur, så det vil eg forsetje med. Og så håpar

eg at det skal bli litt betre tid til barnebarn. Elles har mannen min, Olav, og eg 2 hus og 2 hagar til saman, så vi blir nok ikkje arbeidsledige.

På tampen: Har du nokre tankar om trusopplæringa i Hyllestad vidare?

Eg trur det er viktig å byggje på det som er bygd opp. I første omgang ta vare på mest mogelig av det. Det er jo uavklart og spennande med etterfølgjar i stillinga, men det er uansett viktig at folk i kyrkjelyden støttar opp om den eller dei som kjem etter og fortset å sende borna på samlingane.

På vegne av kyrkjebladet og folket i kyrkjelyden:

Ei hjarteleg takk til Toril for ein mangeårig og trufast innsats! Du har sett viktige og djupe spor etter deg!



4-årssamling, Bø kyrkje 22.sept. 2011: Desse finn du att på bileta av årets konfirmentar annan stad i bladet.

Fasteaksjonen 2022

Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon er Noregs nest største innsamlingsaksjon som engasjerer rundt 40.000 frivillige bøssebærarar frå 1200 norske kyrkelydar som samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid.

Takk til dei flotte konfirmentane våre og til soknerådet for godt gjennomført fasteaksjon i veka før påske. I Hyllestad kom det inn kr. 25.585,- til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Dette gjev reint vatn til 102 menneske. Takk til kvar einskild glad og god gjevar!

Attendemeldinga frå bøssebærarane var: «Folk har venta oss og vore so blide når vi kom!». I 2020 og 2021 var det, grunna koronapandemi, gjennomført digital innsamling via Facebook. Resultat for Hyllestad i 2020: kr.16.310,- og i 2021: kr.14.214,-. Dette er noko mindre enn snittet ved den vanlege bøsseinnsamlinga, men likevel svært bra resultat for ei digital innsamling.

Stor takk til glade og gode gjevarar!



Trusopplæring i Hyllestad framover

– Vi treng hjelp til gjennomføring av tiltak

Stillinga som trusopplærar/kyrkjelydspedagog har vore lyst ut, men ingen viste interesse for stillinga. Tiltak som soknerådet har utfordring med å gjennomføre er mellom anna:

Hausten:

4-årssamling i september i forkant av hausttakkefesten

6-årssamling i okt/nov før familiegudsteneste

Myldresamling: 2- og 3 åringer – sept/okt og 2 til 6 år – nov/des

Kyrkjerottesamling: for 5-åringar, 2 evt 3 samlingar – okt/nov

LysVaken: november 2022, 6.-7. trinn, annakvart år

Vinter/vår:

Tårnagenthelg: 3.-4. klasse – jan/febr

Minikonfirmentar: 5. klasse, 4-5 samlingar rett etter skuletid

Myldresamling: førskuleborn – 1 onsdag i mnd

Kan du hjelpe oss med eitt eller fleire tiltak?



**En ferie å
glede seg til**

Gi trygge ferieopplevelser til familier som har det vanskelig

VIPPS en gave til **13130** (merket FERIE)
gi på konto **3201 52 74165**

+ Blå Kors

Påskemåltid i kyrkja

Dette året vart det igjen feira påskemåltid skjærtorsdag i Hyllestad kyrkje. Påskemåltidet har lange tradisjonar, som strekkjer seg årtusen attende. Jesus sjølv feira påskemåltidet saman med læresveinane.

Gjennom påskemåltidet vart påska sin bodskap forkynt og fortalt til oss. Måltidet er sett saman av seks symbolrettar, som fortel oss om påska sin bakgrunn. Me sat ved bord nede i kyrkja, og åt og eit vanleg kveldsmåltid saman. Det vart ein "annleis", men viktig kveld, der mange tok del i lesingar frå Bibelen.



Marianne Magnussen.

Inviterande kyrkje

Underteikna vart kontakta av diakon Marianne Magnussen våren 2021 med spørsmål om kyrkjelyden vår i Hyllestad kunne vere med på kurset "Inviterande kyrkje". Sjølv om vi nett no har ei tid då fleire tilsette går av med pensjon, sa soknerådet ja til å delta. Vi synst at det også kunne vere nyttig med ei slik utfordring i ei overgangstid.

Vi starta med vaffelstand og spørjeundersøkingar. 56 personar svara på undersøkinga for bygda og 20 personar svara på undersøkinga for kyrkja. Vi opplevde å bli meir bevisste på at vi har eit ganske stort kontaktnett, ikkje minst med den tilgangen vi har med mange gjennom sosiale media.

På første kurskvelden var fokus å invitere til diakonale tilbod. Basert på ønskja i spørjeundersøkingane i bygda og kyrkja, fekk vi planlagt eit konkret tiltak med interkulturell kafe, som vi synst blir veldig spennande. På andre kurskveld var fokus å invitere menneske til samtale om tvil og tru. Vi sat att med ei oppleving av at dette var både

nyttig, interessant og inspirerende.

Kurskveldane har vore samansett av grundig undervisning av Marianne og praktisk tilnærming med ulike oppgåver i grupper. Dei fleste oppgåvene har fungert veldig bra hos oss, men to av oppgåvene fungerte noko ulikt frå gruppe til gruppe, og kunne gjerne blitt jobba vidare med og testa ut i fleire kyrkjelydar.

Marianne har vore til god hjelp som rådgjevar for oss. Vi opplever at ho har ein foredragsstil som er systematisk, spennande og kreativ. Det kan virke som at mange får lyst til at dette skal føre til handling. Vi ser fram til neste kurskveld i slutten av august.

Den siste kurskvelden vert onsdag 24.august kl.19.-21.30. Det går an å vere med då om ein ikkje har vore med på dei andre.

Vi håpar dette vil komme til nytte i kyrkjelydsarbeidet framover.

Audun Systad

Kontaktperson for kurset

Interkulturell kafè i Hyllestad kyrkje

Laurdag 11. juni var dagen då kyrkjelyden starta opp med interkulturell kafè i kyrkja. Dette var noko nytt, og vi var spente på korleis det ville bli teke imot. Opningstida var frå kl.13 til 16.

Frivillege hadde ordna fint til, med småbord i bakre delen av kyrkja, fint pynta med rododendron. Bord var fylt opp med heimelaga bakst, og vaffeljarnet var i bruk i eitt sett. Og sjølvsaft kaffi og saft. Det lukta godt og innbydande i ei god atmosfære.

40 personar møtte opp, frå mange land, men som no er innbyggjarar i kommunen vår. 8 land var representerte!

Praten gjekk livleg, og folk såg ut til å kosa seg. Borna fann kvarandre på tross av ulik alder, hudfarge og språk, i teiknekroken, og ute.


Det var kunngjort at om ein hadde lyst, så kunne ein bidra med eit eller anna frå sitt eige land. Det gjorde Adrian frå Romania. Han stilte opp og song solo på sitt språk, 2 songar, til stor applaus.

Kommentarar etter kaféen:

«Vaksne og barn kosa seg, mange smil og takk når dei gjekk» og «Ja, det var verkeleg ei hyggeleg stund! Menneske treng menneske, same kor vi kjem frå».

Dette gav meirsmak!

Anfrid Misje Åsmul



Alværa kyrkje- og misjonssenter – 40 år

I alle desse åra har Alværa vore ein ressurs for kyrkjelydane i området. Då Alværa vart vigsla av biskop Thor With 20. juni 1982, kom det folk frå heile Sogn og Fjordane og Hordaland for å vere med på den viktige hendinga: NMS sin nyaste leirstad skulle takast i bruk.

Om innviingshøgtida kan ein lese:

«Tilstrøyminga til Misjonssenteret var stor, og det fekk for alvor syne sin kapasitet. Under samlingane var møtesalen og peisestova med hemsar, matsal og vestibyle fullsette. Det vart servert betasuppe m/kaffi og kaker til ca. 700 gjestar.»

NMS i Sogn og Fjordane hadde i fleire år sett trongen for ein leirstad; først og fremst i barne- og ungdomsarbeidet. Sidan ingen andre organisasjonar hadde leirstad i Ytre Sogn, vart det bestemt at ein skulle prøve å finne ei eigna tomt i området. Landsbrukssjef Jakob Sterri i Høyanger var med då Inge Eiksund, distriktssekretær i NMS Sogn og Fjordane, sonderde ulike stader i Høyanger kommune hausten 1977. «Her er staden de treng», sa Sterri då dei kom til Alværa.

I løpet av desse 40 åra, er det mange born, ungdom og vaksne som har vore innoom Alværa. Kyrkjelydane har brukt Senteret til konfirmantweekend og minikonfirmantleir. I tillegg har det vore og er det mange barn frå området som reiser på NMSU-leir. Mange har vore og er også med på adventsfesten, alværastemne og dugnadane som Alværa arrangerer. Slik er det også for Hyllestad

kyrkjelyd. Konfirmantweekend saman med konfirmantar frå Lavik, Bjordal/Ortnevik og ofte også Balestrand, har vore og er ein viktig del av konfirmantopplegget. Likeins har det kvart år sidan 2005 vore minikonfirmantweekend for Ytre Sogn der 5. klassingar frå Hyllestad har vore ivrige deltakarar. Periodevis har mange born og unge reist på leirar som NMSU inviterer til og fleire ungdomsleiarar har kome frå Hyllestad.

Ein av dei er **Elisabeth Sowerby Dale**. Ho har vore mykje på leir og er blitt utfordra til å seie litt om Alværa.



Alværa er ein god møteplass for både vaksne, ungdommar og barn. Eg har sjølv veldig fine minner frå Alværa,

på dei mange leirane eg har vore på som barn, og seinare som leiar. Det var på Alværa som ungdomsleiar at eg møtte mannen min, som òg har gode minner frå misjonssenteret. Her har eg òg blitt kjent med Toril, Olav og fleire, som stadig arbeider for å halde staden ved like. I seinare tid har eg jobba to år i Norsk Misjonsselskap for Barn og Unge som leiar på Alværa på diverse leirar. Misjonssenteret er stort og har mange gode fasilitetar, i tillegg er uteområdet idyllisk og gir moglegheiter for lek og aktivitetar. Eg anbefalar alle å reise til Alværa, då dette er ein stad for å møte nye menneske og skape gode minner saman.

Toril Lange

Alværa i dag – vegen vidare.

Til tider har det vore uro omkring Alværa og leirstadane til NMS. For 3 år sidan vart det ei omlegging av drifta. Tilsette vart sagt opp og eit Alværastyre fekk ansvar for vidare drift frå NMS. Sidan mai 2019 har Alværa vore ein «ubemanna» leirstad og har for det meste vore drive på dugnad.

Det har vore krevjande, men pga minimalt med lønnskostnader, gaver og koronatilskot, har Alværa gått i balanse økonomisk siste åra.

Det er viktig for kyrkjelydane i området at det er ein stad som Alværa der born, ungdom og vaksne kan samlast, slik det også er i dag.

Ansvarsfordelinga mellom NMS sentralt og dei lokale leirstadane – for oss Alværa – er ikkje heilt avklart enda. Men ein ting er sikker – Alværa skal bestå – men då med større ansvar lokalt.

I samband med 10-årsjubileet vart Karl Hjelmeland intervjuet. Han var då med i styret. Då han skulle få komme med eit sluttord sa han:

Eg vil oppmode folk i nærområdet til Alværa om å bruke Alværa. Eg vil oppmoda til å delta på dugnad og på annan måte syne at dei bryr seg om Alværa.

Det gjeld ikkje berre for 30 år sidan, men også i dag, seier Karl i dag.



Frå opninga 20. juni 1982



Minikonfirmantleir 2022 (Foto: Toril Lange)

Søndag, 6. mars var det som taket letta i Hyllestad kyrkje!

Iver Kleive, ein av Noregs beste organistar og ein levande legende, kom til Hyllestad for å halda orgelkonsert i Hyllestad kyrkje. Det er ikkje på kva som helst orgel Iver ønskjer å spele. Han har sett opp ei liste over dei 75 beste kyrkjeorgla i heile Noreg – og der er også Hyllestad kyrkje sitt orgel oppført!

Han ættar, som kanskje enkelte veit, frå Kleive i Hyllestad. Farfar som og heitte Iver Kleive, flytta frå Kleive til Kalvåg i Bremanger. Iver Kleive er fødd i Skien i 1949. Kleive beskriv seg sjølv som ein improviserande musikal som ønskjer å veksle mellom klassisk og pop, folkemusikk og jazz.

Orgelet og kyrkja er likevel hovudinstrument og basis.

Vel 60 tilhøyrarar fekk ei musikalsk oppleving heilt utanom det vanlege denne



dagen. Konsert-tittel var «Bridge Over Troubled Water». Han tok oss med inn i det mjukaste vare, såraste sære, det tyngste stormande og eit jublande møte med Paradiset. Her var og enkelte nummer med humoristiske tilsnitt. Til tider var det som taket letta frå tonehavet og heile kyrkjerommet vibrerte med, so ein verkeleg kjende det i heile kroppen. Ei oppleving av dei sjeldne. Koret «Fjordklang» song Iver Kleive sitt «Kyrie» saman med Iver, noko som var stor stas for koret! Iver Kleive samarbeider mykje

med Knut Reiersrud, ein framifrå gitarist. Vi får sjå, kan henda vert det høve til å invitera dei til å halda ein konsert ilag? Trur det var ei god oppleving for han å vitja Hyllestad for fyrste gong, det gav i alle høve meirsmak, etter det eg forstod. For meg var det i alle høve ein gamal draum som vart verkeleg.

Takk til Iver Kleive og til arrangørane; Hyllestad kommune, Hyllestad sokn, og Hyllestad Folkeakademi for flott konsert.

AÅS



Informasjon fra Mali

«Amadou» fra Mali hadde aldri møtt en kristen som snakket fulani. Så møtte han Frode Brügger Sætre. Sammen formidler de nå evangeliet til det unådde fulanifolket.

De siste årene har Frode Brügger Sætre vært den eneste norske misjonæren som har bodd fast i Mali. Arbeidet har i hovedtrekk gått ut på å gi bibelundervisning til både grupper og enkeltpersoner. Flere fulanier har blitt kristne. Også Frode fikk et lengre opphold i Norge på grunn av koronapandemien. I mellomtiden har sikkerhetssituasjonen i Mali gått fra vondt til verre. Nå er det vanskelig for en hvit nordmann å reise rundt og besøke fulanier.

Men kanskje kan det nettopp i denne situasjonen vokse fram noe fint?

Kan Gud "åpne et vindu" i Guinea?

– Min nærmeste fulanivenn, som vi nå kan kalle «Amadou», har også opplevd å bli truet fordi han er blitt kristen, forteller Frode. Vi har en felles venn som dessverre har blitt radikal muslim. Amadou sier at han ikke sover like godt om natta lenger. Nå er vi i Guinea sammen, for å se om vi kan finne et sted der vi kan etablere oss, med hans familie og dyra våre. Vi håper å finne en «vert» som kan låne oss en stor tomt, der vi kan bygge gjestehytter og der Amadou og familien kan livnære seg av å selge melk. Så håper og tror vi at kristne fulanier vil komme til oss for å få undervisning og kristent fellesskap i kortere eller lengre perioder.

Nærvær

Misjon handler mye om relasjon og nærvær.

– Tenk på at Gud steg ned og ble som oss. Han gikk inn i en spesifikk virkelighet. Det er også misjonærens virkelighet – vi kan ikke bare være på besøk. Jeg opplever dette veldig riktig, forklarer Frode. – Som misjonær er det lett å ta rollen som den sterke, den som leder. Men nå er det jeg som går inn i Amadous verden, og han er den sterke.



Fulanifolket er et gjeterfolk. Dyra er levebrødet til "Amadou"
Foto: Stina Neergård

Når jeg er med ut med kyrne våre, så er det jeg som er inkompetent. Det gjør noe med rollene våre at det ikke er de som skal komme inn i min verden. Jeg tror det er sånn vi må jobbe. Jeg tenker at hvis fulaniene skal ta imot Jesus så må det komme innenfra heller enn utenfra. Derfor var det sterkt for meg å komme tilbake til Mali etter et opphold i Norge og oppleve at Amadou har fått tre «disipler» som følger ham. Vi regner med at disse tre, sammen med noen av deres nære familie, vil være blant dem som kan komme og bo med oss her i Guinea.

C
R
U
X



Å gjera ein forskjell i eit barns liv er fantastisk

– Som fosterforeldre må vi sjå det fine i barnet, og klare å sjå bak åtferda og forstå barnet innanfrå. Om vi kan gjera ein forskjell i eit barns liv synes vi det er flott, seier «Anne» som er fostermor i CRUX, og av omsyn til barnet ynskjer å vera anonym.

CRUX er ein ideell, landsomfattande og diakonal stiftelse, som på oppdrag frå Bufetat og lokal barnevernteneste driv forsterka fosterheimar ulike stader i landet.

– Eg opplever det meningsfullt å vera ei viktig brikke i barnets liv, og kunne bidra med støtte, hjelp og omsorg. Vi kan ikkje hjelpe alle, men viss vi kan bety noko for eitt barn, er det fantastisk. Ikkje minst det å få eit nytt familied medlem å bli glad i, seier «Anne».

Ho synest også det kan vera krevjande å sjå på at barnet har

det vanskeleg.

– At barnet ikkje nødvendigvis tar dei gode vala, kan vera utfordrande. Så er det igjen ei ufatteleg glede når barnet klarer å ta imot omsorg. Det er stort når vi opplever at ting vi arbeider med, sakte, men sikkert gjev framgang, og då få lov til å glede oss med barnet.

Kva er mest utfordrande med å vera forsterka fosterheim?

– Dette er ein jobb du har heile døgeret. Du må bruke mykje av tida di med barnet, og det er utfordrande og kan medføre at du kjem i eit dilemma i forhold til dine egne born. Nokre fosterforeldre fortel at det kan vera krevjande å samarbeide med biologiske foreldre, seier ho og understrekar at ein også kan få til eit flott samarbeid. Rettleiing er difor viktig for å få støtte og hjelp i dei utfordringar som måtte kome.

Oppfølging og hjartevarme for borna

Kvar heim får tildelt ein fast fagkonsulent som følgjer dei opp, og koordinerer det faglege arbeidet rundt barnet/ungdommen. Det kan også vera støtteheimar og miljøterapeutar knytt til familiane slik at kvart barn får eit godt og individuelt tilpassa tilbod.

– For oss er det særskilt viktig med fast rettleiing, at vi blir sett og høyrde, og at rettleiaren er lett å få tak i. At vi blir møtt med forståing for det vi står i med barnet. For oss betyr det også noko at CRUX er ei diakonal stiftelse, deira fokus på å sjå heile mennesket, og det kristne verdisynet. Uansett kva vi strevar med, er vi alle elskte og unike. I CRUX arbeider vi med hjarte og varme. Vi har rett og slett hjartevarme for barna, seier «Anne».

Tekst og foto: CRUX

Kan du hjelpe et barn eller en ungdom som har det vanskelig?
Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Mer informasjon om fosterhjem på

fosterhjem.no

Illustrasjonsfoto



Kulturkveld om steinkrossane

– 6.april i Hyllestad kyrkje

I kyrkjeblad 1/2021 vart det skrive mykje om steinkrossane frå Hyllestad og deira historie. Dette var ut frå oppgåva under-teikna skreiv i 2020. På grunn av nedstenginga var det først no 6.april i år at det vart ein kulturkveld om dette i kyrkja. Det var flott at så mange som 40 personar møtte fram, mange av dei er engasjerte i Kvernsteinsparken sitt arbeid. Gledelig var det og med besøk frå nabokommunar. Kjekt var det at det var ein engasjert flokk med mange synspunkt, og frå kommune og historielag mellom andre.

For vegen vidare vart følgjande trekt fram:

- Kvernsteinsparken har fått fine publikasjonar på tavlene i parken. Historia til steinkrossane bør bli enno meir synlege der. Parken er og ein av dei 26 nøkkelstadane på Kystpilegrimsleia.
- Ein bør få fleire arkeologiske utgravingar rundt steinbrota, og gjerne ved den gamle kyrkjegarden.
- Steinkrossane si historie bør også kunne komme meir inn i formidlinga om kulturhistoria i skulen, til dømes i KRLE-faget.
- Det kan vere aktuelt at fleire lærer å lage produkt av steinane, slik Torbjørn Løland gjer det.
- Ein ynskjer ei veke i 2023 i kommunen og i kyrkja med ekstra fokus på denne arven,



T.v.: Formidlingsleiar Per Christian Burhol, t.h.: Astrid Waage leia kvelden.

ei kulturveke/steinkross/kvernsteinsveke. Steinkrossnemnda tek initiativ for å samtale med kommune og ulike organisasjonar om dette.

- Ordførar Kjell Eide understreka verdien av dette for kommunen sin del, og støtta meir fokus på denne arven framover.

Denne kulturkvelden handla om steinkrossane frå Hyllestad - og deira historie. Dei største krossane - høgkrossane – i alt 5, langs vestlandskysten står der som viktige symbol på religionsskiftet og dei samfunnsendringane som kom før og etter 1000-talet.. Alt på Håkon den gode si tid (918-961) kom grunnlaget for viktige endringar i lovverket; ein fekk mellom anna "kristenretten" nedfelt, som det skal vere jubileum for på Moster 2024. Gå gjerne inn på nettsida deira og les meir. Tema der er: "Feira fortid- forma framtid". Gulatinget er jo sentralt og her, med dei to krossane som står der, som er henta ut frå berget her i Hyllestad. (Biletet her er



henta frå Kross-teigen i Eivindvik der den vakre angelsaksiske krossen står)

I 2030 vert det eit større jubileum på Stiklestad.

For oss i

Hyllestad er det viktig å kunne lære enno meir om historia vår og identiteten vår. Kvernsteinsparken i Hyllestad har i mange år vore ein god stad for læring, ikkje minst om kvernsteinane si historie. Å lyfte fram den spennande historia til steinkrossane er høveleg nett no, når fleire store nasjonale jubileum, står for tur.

Steinkrossnemnda under Hyllestad sokneråd ynskjer å samarbeide med alle gode krefter i Hyllestad, med kommune, lag og organisasjonar for å kunne ha byggjande arrangement i tida som kjem.

Audun Systad

Ein spesiell 17.mai med innslag, «Ukraina-Noreg»



Igjen kunne det samlast ein bra flokk til gudsteneste i Hyllestad kyrkje. Om lag 80 møtte fram for å høgtide nasjonaldagen der, for å lytte til Bibelen, be for landet vårt og for verda, og ikkje minst synge nasjonalsongane våre.

Dette året hadde dagen ein spesiell bakgrunn. Det har vore pandemi og nedstenging. No kastar og krigen i Ukraina skuggar over Europa. Fjordklang deltok med song først i gudstenesta. Spesielt i år var det at dei song «Ukraina - Noreg», arr. for kor av Magnar Åm. Den spelar på dei to nasjonalsongane til våre to land. Det kom fleire frå Ukraina til gudstenesta denne søndagen, og det var ei sterk oppleving både for dei, og for oss alle i kyrkja.

Markering av 50-årskonfirmasjon 8. mai

Året 1972 vart eit «mellomår» når det galdt konfirmasjon i Hyllestad. Nett på den tid vart ungdomsskuletrinnet innført her. Nokre av dei som vart fødte i 1957 valde å gå om att 7.klasse-trinnet, og vart såleis konfirmerte som 16-åringar. Så til neste år vert det mange som blir 50-årskonfirmantar.

I år var det berre 14 namn på lista. Det var konfirmasjon det året 28.mai i Hyllestad, der og to kom frå Øn sokn. Så var det 4.juni i Bø, berre tre det året der.

Mange viste interesse for markeringa 8.mai i kyrkja, men berre 5 fekk høve å komme. Dette både på grunn av lang reise, eller andre ting som kom i vegen. Fleire av dei som kom var mellom dei siste som gjekk på Balestrand Statsrealskule.

Anny og Kjell Ragnar, som bur lokalt her, var ivrig med i arrangement-komiteen. Kjell Ragnar som har arbeidd mykje med historie, ikkje minst frå krigsåra, minna om den spesielle dagen 8.mai. I gudsteneste vart dette



Frå v.: prest Audun Systad, Bjørg Helene Lekva Engdal, Anny Dale Fureli, Ragnar Hatlem, Svanbild Herborg Handal og Kjell-Ragnar Berge.

nemnd både i tale og i forbøn. Minnestøtta som står utanfor kyrkja, har ein tekst: «Vi skal tilgje, men ikkje gløyme». Hans Berge tok initiativ til å få sett den opp i 2002.

Nokre frå Ukraina kom og til denne gudstenesta. Det var ei sterk oppleving at Ukraina var med i forbøna.

Frå musikkskulen deltok Emma Eimind Thorsnes på flygel, og Malin Oppedal med sang. Tusen takk!

For 50-årskonfirmantane var det og treff i prestegarden på laurdagen. Det tok Anny og Kjell- Ragnar initiativ til.

Etter gudstenesta søndag var det middag på Hotel Sognefjord, ei kjekk stund for å dele minne.

Ragnar Hatlem, som var ein av jubilantane hadde søndag kveld tema om Israel i kyrkja, og ein fin flokk kom der.



Kyrkjevegen Skor – Øn

søn. 12.06.22 – Værmeldinga 12 grader og regn

Jammen blei det tur – Steinar var i ferd med å snu heim når fire damer svinga opp på Solås. Han var kledd for å tåle mykje væte – og den einaste med gummistøvler, og den einaste som var tørr på beina når vi nådde målet.

Kart og kompass var på plass i lomma – så vi var aldri i tvil på turleiaren vår. Vi damene stilte med gode vasstette fjellsko – for min eigen del må eg innrømme at 15 minutt inn i turen var eg allereie godt våt på beina.

Vi starta kl.12.00 i nydeleg terreng, men myrene hadde blitt til bekkar og bekkar til små elevar – så enkelte stadar måtte vi leite etter eigna plassar å hoppe over. Halvvegs hadde vi ein liten matpause – det var til og med opplett nokre minuttar.

Humøret var godt og praten gjekk lett. Vi nådde toppen på Torgeirsletta etter 2,19t – lett skodde og vind gav ei trolsk utsikt.

Vi snakka undervegs om dei

som for lang tid tilbake brukte dette som kyrkjeveg – med lange skjørt og dårlege sko i alt slags vær. Forskjellen var at dei også skulle gå heimatt etter gudstenesta same vegen – det var eg svært glad for at eg slapp.

Takk for turen – Takk for gode ord frå Audun – Takk for vakker sang av Kirsten og Jostein – Takk for vin og brød i fellesskap.

Helsing Linda Ølmheim
Soknerådsleiar

KYRKJEBLAD FOR HYLLESTAD

Glede og sorg

DØYPTE

Hyllestad: Birger Akse Flage
Øn: Mina Hundershagen Nygaard

KONFIRMERTE

Hyllestad 23.04.22: Aslak Holen Dale
Kamilla Nydal Espeland
Vanessa-Yasuri Fernandez
Adrian Forthun Lekva
Gabriel Ølmheim Ulvik
Bø 07.05.22: Sigve Dale
Mari Ness
Eirik Dale Salbu
Hedda Sophie Lavik Wilson

DØDE

Hy: Asbjørn Harald Akse f.1946
Magnar Å Ovesen Løvø f.1932
Gunnar Herman Nygaard f.1937
Bertine Olive Holsen Øvreås f.1920
Terje Holst f.1934
Øn: Margrethe Pernille Skivenes f.1932
Astrid Soltveit f.1942
Bø: Aase Marie Torp f.1932
Turid Wergeland f.1945
Ingebjørg Eikelid f.1954
Norvald Øystein Tveit f.1927



Konfirmantar Bø: Frå v.: Eirik Dale Salbu, Hedda Sophie Lavik Wilson, Mari Ness, Sigve Dale og soknerådsleiar/konfirmantmedhjelpar Linda Ølmheim. Svevande derimellom; Sokneprest Karl Hjelmeland.



Konfirmantar Hyllestad: Frå v.: Sokneprest Karl Hjelmeland, Vanessa-Yasuri Fernandez, Kamilla Nydal Espeland, Aslak Holen Dale, Gabriel Ølmheim Ulvik, Adrian Forthun Lekva og Kyrkjelydspeagog Toril Lange.

KYRKJEBLAD FOR HYLLESTAD

Sunnfjord Gravferdsbyrå



*Vi vil på beste måte hjelpe dere som pårørende,
med alt som hører ei verdig gravferd til.*

Blomstertorget A/S - Dale Senter - 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 - Mobil 975 21 569 - Telefaks 57 73 98 01



Kyrkjekontoret formidler sal av gravminne

frå Nergård Steinindustri, eit gammalt familiefirma som held til på Møre. Dei produserer/lagar alle gravminna sjølve.

På heimesida si skriv dei: «Hos Nergård har du lov å forvente litt ekstra.» Finn du eit gravminne som du ville hatt litt annleis så ordnar dei det. Kyrkjekontoret har katalogar som du kan låne. Du kan òg besøke nettsida deira <http://www.nergaard.no/> For dette får vi provisjon som vert brukt til å gjere gravplassane finare, utover vanleg gravplassvedlikehald.

Kontakt: **Aslak Åm Sognnes tlf. 975 83 290**



Velkommen til kyrkje

Dette er gjeldande gudstenesteplan, men her kan koma endringar. Følg difor med på kyrkja i Hyllestad si facebook-side og i lokalavisa. Vi vil og freiste halda heimesida, **www.hyllestad.kyrkja.no**, so oppdatert som råd er.

17.juli:	Dagsturhytta Søre fjordsvatnet	kl. 12:00	Friluftsgudsteneste
24. juli:	Øn kyrkje	kl. 11:00	Gudsteneste
31.juli:	Korssund	kl. 14:00	Høgmesse
7.aug:	Hyllestad kyrkje	kl. 19:00	Gudsteneste
21.aug:	Bø kyrkje	kl. 11:00	Gudsteneste
28.aug:	Hyllestad kyrkje	kl. 11:00	Gudsteneste med nattverd. Knut Magne Nesse, Runar Matsui-Li
4.sept:	Øn kyrkje	kl. 11:00	Gudsteneste
11.sept:	Hyllestad kyrkje	kl. 11:00	Gudsteneste
25.sept:	Hyllestad kyrkje	kl. 19:00	Tomasmesse nattverd
2.okt:	Hyllestad kyrkje	kl. 11:00	Haustrakkefest, nattverd, utdeling av 4-årsbok
9.okt:	Hyllestad kyrkje	kl. 11:00	Ung messe
23.okt:	Bø kyrkje	kl. 11:00	Gudsteneste
30.okt:	Hyllestad kyrkje	kl. 15:00	Kyrkjelydsbasar
6.nov:	Hyllestad kyrkje	kl. 16:00	Helgemesse, gudsteneste
13.nov:	Øn kyrkje	kl. 16:00	Gudsteneste
27.nov:	Hyllestad kyrkje	kl. 18:00	Lysmesse
11.des:	Hyllestad kyrkje	kl. 18:00	Julekonsert
18.des:	Eiklund alders- og sjukeheim	kl. 11:30	Gudsteneste
24.des:	Bø kyrkje	kl. 14:00	Familiegudsteneste
	Øn kyrkje	kl. 16:00	Familiegudsteneste
25.des:	Hyllestad kyrkje	kl. 14:00	Høgtidsgudsteneste
31.des:	Hyllestad kyrkje	kl. 15:00	Gudsteneste

ÅM SOGNES BYGDESERVICE



PARK/HAGE
• Sommarvedlikehald
• Nyetablering
• Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

STEIN
• Beleggningsstein • Kantstein • Gråsteinsmuring

LANDBRUK
• Handtering av husdyrgjødsel
• Graving

6953 Leirvik i Sogn tlf:959 43 735 www.aamsognes.no



HAFS Elektro & Rør AS

Treng du elektriskar,
kontakt oss på tlf. 57 78 89 00



Lat oss realisere din bustadraum!

Vi tilbyr: • Hus og hytter frå Norgeshus
• Eigen prosjekteringsteneste
• Byggeleiing og prosjektleiing



6958 Sørbovåg - Tlf 992 81 401 - www.rylandbygg.no - rylandbygg@norgeshus.no



Kan du hjelpe et barn eller en ungdom som har det vanskelig?
Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Mer informasjon om fosterhjem på

fosterhjem.no

INFORMASJON

Returadresse.

Kyrkjekontoret
Lifjordvegen 7
6957 Hyllestad



Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook

Hald deg oppdatert på det som skjer i kyrkjelyden – Lik Kyrkja i Hyllestad på Facebook!

Hyllestad sokneråd 2019 – 2023

Faste medlemmer:

Linda Ølmheim
Reidun Skår
Steinar Urnes
Anny Dale Fureli
Liv Synnøve Andersen
Brit Inger Skaar

Varamedlemmer:

1. Atle Tonning
2. Odd Takle
3. Magnhild Hofland
4. Kurt Arve Kjos
5. Rune Risnes

Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefontid onsdag kl 10.00–15.00

Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

Felles postkasse: post@hyllestad.kyrkja.no

For anna adresseinfo sjå: www.hyllestad.kyrkja.no

Bankkonto driftskonto: 3837.15.51619

Bankkonto barne og ungd.arbeid: 3705.30.96396

KYRKJEKONTORET:

Kyrkjekontoret har fast kontordag onsdag.

Dagleg leiari/kyrkjeverje: Irene Fløde

E-post: irene.flode@hyllestad.kyrkja.no – Mobiltelefon: 992 38 420

Kyrkjeseekretær: Aslak Åm Sognnes

E-post: aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no – Mobiltelefon: 975 83 290

Ny sokneprest, frå 15. august:

Sokneprest: Runar Matsui-Li

Mobiltelefon: 48 89 00 86.

I KYRKJENE:

Organist Erling Akse – Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar Helge Oddvin Systad – Mobiltelefon: 952 23 549

UTADRETTA STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog: LEDIG 25% STILLING

HYLLESTAD SOKNERÅD:

Soknerådsleiar Linda Ølmheim - Mobiltelefon: 976 20 937

KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Bladpengar: Innanbygds kr 250,- pr år / Utanbygds kr 300,- pr år.

Bankkonto: 3705.01.58455

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Aslak Åm Sognnes og Audun Systad

Trykk: Printfarm AS

**Innhogging
av nye
namn og
oppfrisking
av skrifta på
gravminne**



Kyrkjekontoret formidlar kontakt med ein som gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på tlf. **975 83 290**

E-post: post@hyllestad.kyrkja.no

Vi formidlar og sal av nye gravminne frå Nergård Steinindustri.